

# Årsmelding for idrettslaget Føyk 2018

**Laget har hatt desse tillitsvalde:**

|                   |   |
|-------------------|---|
| Styreleiar        | Bente Moe Svoldal   |
| Nestleiar         | Ingrid Larssen Sekse  |
| Kasserar          | Kari Sekse  |
| Skrivar           | Tale Hauso  |
| Styremedlem       | Oda Gjerde Tyssebotn<br>Halvard Torget Eriksen<br>Øyvind Andersen |
| Varamedlem        | Audun Kvalnes   |
| Idrettsmerkenemnd | Oda Gjerde Tyssebotn  |
| Valnemnd          | Ann Kristin Espe<br>Hildegunn Espe                                |
| Revisor           | Randi Fresvik<br>Magnus Steigedal                                 |



*I idrettsåret 2018 har me hatt sju styremøte. Eit år med varierte tilbod for både store og små.  
I tillegg til mykje kjekt, har styret og møtt utfordringar.*

## Medlemmar

Medlemmar

Registrerte medlemmar i 2018 (2017)

Born: 42 (45)

Ungdom: 33 (33)

Vaksne: 101 (105)

Medlemstalet ligg ganske stabilt. Små svingingar frå år til år vil det vera.

Det er framleis utfordringar knytt til faktureringssystemet og medlemsregistreringa.

I år er det mange av medlemmene som ikkje har betalt kontingent, sjølv om det også vart lagt faktura i postkassane to gonger i tillegg til den opphavlege fakturaen som vert sendt på e-post.

## Økonomi

Det er god økonomi i laget. Inntektene kjem hovudsakleg frå:

Medlemspengar : 17 000 kr (utfordringar med manglande betaling)

Tippemidlar (grasrotdel): 23 000 kr

LAM: 33 000 kr

Kulturmidlar: 12 000 kr

Allmennytige midlar SPV: 84 000 kr

IAG: 70 000 kr (gåve - prosjektet ved Grannabryggjo)

Utgiftene til dei nye draktene kom i 2018 på ca. 80 000 kr. Det er betalt ca. 37 000 kr til Grannabryggjo. 135 000 kr gjekk til prosjektet ved Grannabryggjo. I tillegg vart det kjøpt inn masse nytt trim og treningsutstyr for over 40 000 kr.

Årsresultat: - 44 000 kr

Viser til rekneskapen for utfyllande detaljar.

## Treningstilbod i sesongen 2018

Me har eit variert treningstilbod for dei fleste aldersgruppene.

I år har me ikkje hatt ungdomstrening. Grunnen er at det har vore dårlig oppmøte og dei har heller vore med på treningane med dei vaksne.

### **Barnehagetrening:**

Iren Knutsen har vore ansvarleg for barnehagetreninga dette året. Det er kjekt når me kan ha så engasjerte foreldre som tek ansvar. Trenar måndag frå 17.15-18.00. Varierande oppmøte med alt frå 2-8 born. Dersom Iren ikkje har vore der har andre foreldre teke ansvaret. Leikar, hinderløype er blant aktivitetane.

### **Idrettskule:**

**1-2 klasse:** Bente Moe Svoldal har vore ansvarleg for denne gruppa i år. Dei har trent måndag kl. 18.00 til 19.00. Oppmøte har vore frå 3-10 born, noko meir varierande på hausten.

Trenrar har vore foreldre. Aktivitetar i gymsalen har vore turn, ballspel, høgde/lengde og leik. Dei har også vore på klatring i Tyssohallen. Uteaktivitetar har vore, skøyter, aking og sykling.

**3.- 4. klasse:** Treningstid: onsdagar 18.00 til 19.00. Ansvarleg: Ingrid Larssen Sekse. Det har vore godt oppmøte og positive born. Dei har hatt aktivitetar som turn, ballspel, friidrett, symjing på Folkebadet i Odda, klatring i Tyssohallen og ski på Korlevoll.

**5.-7.klasse:** Treningstid: onsdagar 19.00 til 20.00. Ansvarleg: Kari Sekse. Det har vore varierande oppmøte grunna kollisjon med andre aktivitetar. Positive og engasjerte born. Dei har hatt aktivitetar som ballspel, turn, friidrett, skyting på Hordatun, symjing på Folkebadet i Odda, klatring i Tyssohallen og ski på Korlevoll.

**Måndagstrening:** Klokka 20.00 har Bodil Nakkerud hatt hovudansvaret for treninga. Variert oppvarming og så styrke med stong. Her kan alle velja intensitet/vekt på stanga sjølv.

**Torsdagstrening:** Klokka 19.00 har Tale Hauso hatt hovudansvaret for treninga. Varierte treningar. Sirkeltrening, Crossfit, Step, styrke med vekter, Tabata osv. Oppmøte varierer mellom 3-10 stykk.

**Gubbatrim:** Klokka 20.00 er det trening for menn. Oppmøte varierer mellom 4-12 stykk. Fleirtalet er ungdommar. Aktivitetar som innebandy, sirkeltrening og volleyball har vore det mest vanlege.

### **Terje Storhaug-ligaen**

Føyk hadde eit eige lag med i Terje Storhaug-ligaen i år. Dei kom på fjerdeplass. Med fem sigrar, ein kamp vart uavgjort, og tap i tre kamper.



(Foto: Terje Storhaug-ligaen)

På biletet: Karl Magnus Andersen, Heine Herstad, Jon Aslak Herstad, Joackim Børve, Eirik Lutro, Sindre Lutro, Roger Sandvold og Åsmund A. Sekse

### **Treningstider:**

For oppdatert treningsoversikt sjå Føyk side på Facebook og indreaustsio.no.

### **Liatravaren 2018**

I år har me hatt dei same turane som normalt: Våga, Hovlandsstølen, Seksehovden, Galden og Stegastein. Det vart lagt ut sommarbøker på postane i byrjinga av mai.


Føyk fekk førespurnad frå ein grunneigar om å fjerna Våga som turmål. Leiar i Føyk kontakta dei andre relevante grunneigarane på Våga via e-post, og fekk utelukkande positive tilbakemeldingar om at dei ynskte at posten skulle bestå. Sidan fleirtalet av grunneigarane var positive til posten valde Føyk å behalda turmålet og postkassa der som før.

I juni/juli vart postkassa på turposten Våga borte. Føyk valde å politimelda saka som tjuveri, og som venta vart saka lagt bort.

Sidan boka vart borte, tok det ei lita stund før ny bok kom på plass. Men med god hjelp frå Oda, så har ho tatt turar for å sjekka stoda og fått tak i nye bøker. Ny postkasse med ny bok er kome opp og heng no på hytteveggen til Torleif Kvalnes, bilete ligg på sida vår på Facebook.

Grunna manglande bok eller fordi turgåarane ikkje har funne boka, er det fleire som ikkje har fått skrive seg inn. På bakgrunn av dette har styret vald å ikkje telja med Våga i resultatet i år. Dei som har gått fire av fem får godkjend Liatravaren. I oppteljinga av turar ligg det ganske likt som fjaråret. Til saman åtte personar har gått alle fire turane.

Me vil offentleggjera vinnarane av Liatravaren på 17.mai på Sekse.



## Kartprosjektet

I mars 2018 vart det kalla inn til bygdamøte i Grannatun der ein skulle ta opp lov og ferdsel i utmark, og utdeling av hjelpemiddel som t.d. GPS-spor og lokale kart. Saka har skapa mykje negativ uro i krinsen, og det var mange som hadde møtt opp for å delta.

For to år sidan ønskja Føyk å laga eit prosjekt som skulle stimulera til at fleire nytta utmarksområda våre til trim og trening. I prosjektet vart det sett opp skilt med informasjon om turar, samt små kart som kunne seljast til medlemmene.

Prosjektet hadde fått tilskot frå Hordaland Fylkeskommune. Etter «lanseringa» av prosjektet, kom det motstand frå grunneigarlag. Grunneigarlag meinte prosjektet gjorde at ein kunne forventa ei auke av utanbygdarar i liene våre, noko som ikkje var ynskjeleg.

På møtet la representant frå Føyk fram kartplanen. Det vart understreka at løypene ikkje er T-merka, og heller ikkje meldt inn i den nasjonale turportalen eller det offentlege kartverket. Det vart forklart at tavlene med vilje er plassert utanfor dei typiske stoppestadane for turistar.

Fylkesmannen orienterte om allmennretten i utmark. Han konkluderte med at Føyk sitt turprosjekt ligg innanfor lovverket.

Etter orienteringane var det debatt med Kåre Grønsnes som ordstyrar. I debatten kom det fram både for- og motførestillingar. Nokon viste til Trolltunga og frykta liknande forhold i liene på Sekse. Grunneigarane grunna med at ein ville få ein annan slitasje, og var redd for forsøpling.

Fylkesmannen kunne forstå at grunneigarane var skeptiske til nye prosjekt, men meinte det var feil å samanlikna dette prosjektet med det besøkstalet Trolltunga har.

Styret har valt å la kartsaka liggja. GPS-spor er ikkje aktuelt å få ut att. Om det blir aktuelt å sjå på karta og eventuelt skila igjen, har styret bestemt at det må ein informasjonsrunde til og at me må kontakta alle grunneigarane først.

Sluttrapporten og gjennomføringa av turprosjektet er likevel godkjend, og Føyk får utbetalt dei siste 10 000 kronene. Tilbakemelding frå fylkeskommunen er at motstanden til eit slikt prosjekt har vore unormal negativ.




## **Grannabryggjo**

Føyk løyvde 70.000 kr på årsmøtet i fjor, som no er brukt på betong, forskaling og diverse impregnerte trevirke. Det er lagt ned ca. 250 dugnadstimar og totalt har det vore med 15 personar på dugnad. Det vil bli starta opp med dugnadsarbeid igjen i mars/april i 2019.

For å ferdigstilla trekaia vil det vera nødvendig med meir pengar. Føyk har søkt om støtte til prosjektet, men det vart ikkje tildelt midlar. Brødrene Kråkevik vart leigd inn til muringsarbeid. Murstein vart kjøpt av Voss Skiferbrudd. Betong vart levert av Etne betong og trematerial kjøpt hos Skare Sagbruk.

Føyk har god kontakt med styret i Grannabryggjo i samband med mogeleg framtidig satsing på eit padlesenter knytt til anlegget.



## **Gymsalen på Sekse**

Styret tok ei opprydding av utstyrsmøtet i gymsalen i år. Mykje som var gammalt og øydelagt. Føyk har kjøpt inn nytt treningsutstyr til store og små, då det er lenge sidan dei store investeringane. I tillegg har Føyk kjøpt inn to luftgevær. I haust vart det laga arbeidsavtale for vasking av gymsalen og garderoben. Ane Nakkerud skal vaska kvar 14. dag.



*Me nyttar gymsalen kvar veke. Her er torsdagsgjengen med damer på første trening i 2019!*

## Treningskled

Me hadde ein ny bestillingsrunde i vår (april/mai). Lite nye bestillingar. Konklusjonen er at det er nok med ein bestillingsrunde årleg.

## Arrangement

### Trimkarusell

Karusellen vart arrangert tre dagar i mai og juni:

- Tysdag 22. mai, kl. 18:00 - oppmøte aktive 22 stykk.
- Måndag 28. mai, kl. 18:00 – oppmøte aktive 11 stykk.
- Søndag 03. juni, kl. 15:00 – oppmøte aktive 21 stykk.

Det vart hengt opp plakatar i krinsen, i tillegg annonser på Facebook-gruppa til laget. Deltakaravgift vart sett til kr 25.- pr. omgang.

Det vart delt ut til saman 27 premiar som var fine lommelykter til dei av utøvarane som var med 2 av 3 gonger. Vårt eige lydanlegg var i bruk. Det fungerer som tiltenkt, og er ei føresetnad for å avvikla eit sånt arrangement på ein skikkeleg måte.

Tilpassing av løpedistansar for dei forskjellige klassane vart gjort av Halvard undervegs. Ein del av deltakarane som ikkje hadde fått vore med 2 av 3 gonger fekk lov å løpa to rundar siste dag for å kvalifisera seg til premie.

Me kjøpte inn saft og blanda til drikke for deltakarane. Kaffi vart kokt på traktar på plassen. Lite avsetning på kaffi då det var veldig varmt under alle arrangementa.

Vekslepengar vart tatt ut frå konto av Bente og returnert til Kari saman med oppgjer.

All drikke og mat unntatt kaker var i år overskot frå 17. mai. Dette vart selt på siste dag. Me kokte wienerpølser og fekk to frå styret til å baka eit par kaker. Kaffi vart delt ut gratis alle dagar samt at me selde overskot av is og brus frå 17. mai siste dag.

Pølser vart koka på gassbluss Halvard hadde med.

#### *Erfaring/oppsummering:*

- Halvard tok med eigen PC med rekneark for påmelding. Dette fungerte ganske greitt. Betre enn papirversjon av lister, men nett-tilgang er ei føresetnad for at dette skal fungera optimalt.
- Sørg for å ha med eigen person som tar seg av påmelding og ajourføring av lister på alle tre omgangane. Særleg viktig på avslutningsdag.
- Overskot av premiar står på lager nede og blir bla. brukt til påskjønnast trenarar.

#### *Økonomi:*

Inntekt deltakaravgift: kr 1350.-

Utgift mat: kr 0.-

Inntekt matsal: kr 2971.-

Utgift premiar: kr 5756.-

Resultat arrangement: kr - 1435.-

Halvard sin konklusjon er at me brukar noko meir pengar enn kva me klarar å få inn på dette arrangementet, men meiner at det er ein viktig familiearena for laget å visa seg fram på. Han vil difor sterkt anbefala at denne tradisjonen vert ført vidare.

### Aktivitetsdag i Tyssohallen

Sundag 28.oktober var det aktivitetsdag frå klokka 13.00 til 16.00 i Tyssohallen. Til saman 33 born og 25 vaksne og småsøsken tok turen. Borna vart delt inn i tre grupper etter klassetrinn, og rullerte mellom klatring, fotball og badminton med 30.min på kvar stasjon. I matpausen stilte Føyk med kaffi og frukt. Nista hadde deltakarane med sjølve. Det vart ein veldig kjekk dag med mykje aktivitet.

Som førebuing hadde Bente bestilt hallen og handla inn. Ingrid laga invitasjon og hadde kontakt med Fjellklyvarlaget og ordna med sikring. Invitasjon vart lagt ut på Facebook, og Oda delte ut lappar på skulen. Nokre lærarar meinte at me ikkje kunne dele ut berre til elevar frå Seksekrinsen, difor vart invitasjonen også delt ut til resten av elevane i to klassar. Me fekk nokre påmeldingar frå Lofthus, det var berre kjekt.

Til seinare kan det vere betre å dele ut slike skriv på bussen. I tillegg må me hugsa å skrive på invitasjonen kva det kostar å delta for dei som ikkje er medlemmer. Arrangementet var gratis for alle denne gongen.

Me hadde med utstyr til badminton. Klatreutstyr fekk me låna gratis. Det var fem som sikra; Ingrid, Oda, Anna og to ungdommar frå Fjellklyvarlaget. Ungdommane fekk 400 kr kvar for jobben. Nøkkel til klatreutstyret var i nøkkelboks i hallen.



## Svømmekveld

29.november vart det ein kjekk kveld på Odda Folkebad for elevane i 3. til 5.klasse. Føyk fekk heila bassenget for seg sjølv i to timer. 13 born og fleire voksne var med. Kjekke badevakter som fjasa og tulla. Mange av borna hoppa frå tremeteren fleire gonger. Ein tok svømmeknappen. Masse fin leik. Avslutning med juice og bollar før heimreise.



## Idrettsmerke

Me arrangerte idrettsmerke i lag med barnekarusellen på idrettsbanen i barnehagen 3.juni. Øvingane me hadde var: lengde utan tilløp, kulekast, 60 meter og 3000 meter. I utgangspunktet skulle me ha alle øvingane denne sundagen, men grunna svært varmt vær, måtte me utsetja springeøvingane. Det resulterte i dårleg oppmøte på dei resterande øvingane.

Fire sprekingar stilte likevel opp og fullførte idrettsmerke – det var Oda Gjerde Tyssebotn, Anna Gjerde Tyssebotn, Karl Magnus Andersen og Ingrid Larssen Sekse.

## Skøyteis

Det vart fleire dagar med skøyteis denne sesongen. Året starta med kulde og me fekk på plass skøyteis 9. januar 2018. Søndag 4. februar vart det igjen kulde, og det vart sett i gong med å laga skøyteis. Hausten 2018 vart det ikkje laga skøyteis, men me fekk til is igjen som stod klar 29.januar 2019. Det har vore stor aktivitet av born og ungdommar både på kveldane og i helgene. Styret i Føyk vil takka så mykje til alle som deltek og lagar isen!



## Info

Føyk har e-post adressa [foykil@gmail.com](mailto:foykil@gmail.com). Denne sjekkar skrivaren i laget. Føyk finn du og på Facebook og på nettsida [www.indrehaustsio.no/foyk](http://www.indrehaustsio.no/foyk).

Børve 31. januar 2019

Skrivar Føyk  
Tale Hauso